

**Organisasjonsnummer:** 951549770  
**Foretaksnavn:** Meland kommune  
**Navn:** Alexander Helle  
**Kontonummer:** 15031883722  
**Adresse:** Postboks 79  
**Postnr.:** 5906 Frekhaug  
**Telefon:** 56171174  
**E-post:** alexander.helle@meland.kommune.no

**Mottaker:** Miljødirektoratet  
**Kopimottaker:** Fylkesmannen i Hordaland

---

SØKNAD

REFERANSENØR.: 16S27298

---

## Klimavenleg mobilitet Frekhaug - Flatøy - Knarvik

**Type tiltak:** Klimavennlig areal- og transportplanlegging

**Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:**

Meland kommune er ein del av byregionen Bergen, og er ein av kommunane med størst prosentvis folketalsvekst i landet. Befolkningsframskriving 2016-2040 melder ein framtidig befolkningsauke på 56 prosent (ssb 2016)

Arealdelen til Meland kommunes kommuneplan (2015) legg føringar for den framtidige utviklinga av kommunen, og peikar på aksa Frekhaug - Flatøy - Knarvik, med si sentrale plassering og godt utbygde infrastruktur, som eit regionalt utviklingsområde. Kommunen har difor gått i gang med ei omfattande områderegulering av Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Reguleringsarbeidet er eit offentleg-privat samarbeid med Vest Land eigedom AS. Målet med utviklingsarbeidet er å skape ein urban tettstad i aksa Frekhaug- Flatøy - Knarvik, i tråd med Regjeringas by- og miljøpolitikk. Frå Melands kommunesenter Frekhaug, via Flatøy, til regionsenteret Knarvik i Lindås kommune er det i luftlinje 4 km. Reisetid til Bergen med hurtigbåt er omlag 20 min. med bil 25 min. og 45 min. med buss.

I arbeidet med områdeplanen ser me at det er fleire utviklingsområder i regionen som bør knytast saman i ein overordna struktur. Det vert arbeida med ny midtdelar på Ev39 over Flatøy, trafikkisikring av Fossekrysset på Fv564, ny kollektivterminal med innfartsparkering på Flatøy (alle i regi av Statens vegvesen) og moglegeheitsanalyse i høve utviklingsscenario i aksa Frekhaug - Flatøy - Knarvik (Meland kommune).

Me har mange utfordringar i høve til mobilitet i dette området, og det er fleire planar på ulike nivå under arbeid. Me ynskjer å sjå utvikling av aksa i ein større samanheng, og vil difor få utarbeida ein overordna strategi i høve til klimavenleg transport. For å lukkast med dette arbeidet ynskjer Meland kommune styrka fokus på grøn mobilitet, og søker difor Klimasats om stønad til å innhenta fagleg bistand til å utvikla ei klimavenleg mobilitetsanalyse for heile vekstaksen Frekhaug - Flatøy - Knarvik, og vidare mot Bergen. Klimasatsmidla skal nyttast til å kartleggja potensialet for klimagassreduksjon gjennom areal- og transportplanlegging, og skal føra fram til konkrete tiltak og plangrep for å redusera klimagassutslepp frå transport i og gjennom området. Arbeidet vil også kunne nyttast som innspel i arbeidet med regional

kollektiv- og vegplanlegging.

Arbeidet vil bli organisert av Meland kommune, og er del av eit offentleg-privat samarbeid med Vest Land eiendom AS. Me vil også ha tett dialog med nabokommunen Lindås, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.

### **Hvordan vil dette tiltaket gi økt klimafokus i areal- og transportplanleggingen, utover det en kan forvente av ordinær, god arealplanlegging?**

For Midtmarka og Rotemyra på Flatøy er det ein ambisjon om at «det skal vera mogeleg å bu på Flatøy utan å ha bil». Ein har difor gått i gang med å utarbeida ei mobilitetsanalyse. Førstebels tydar dette arbeidet på at ei stor utbygging av bustader, arbeidsplassar og handelstilbod på Flatøy vil kunne føre med seg ein stor auke i biltrafikken. Dette er ikkje i tråd med statlege ambisjonar om at vekst i persontransport skal løysast med gange, sykkel eller kollektivtrafikk. I områdereguleringa vert det difor gjort eit målretta arbeid for å få god tilgang til kollektivtransport, til gang- og sykkelvegnett og til grønstrukturar/ferdselskorridorar. Dette er ein grunnleggjande føresetnad i arbeidet med å finne fram til ein god utbyggingsstruktur.

Med klimasatsmidlar ynskjer me å få sett ulike planar i eit større perspektiv, på tvers av plan- og kommunegrensar.

### **Hvordan kan tiltaket bidra til en varig kvalitets- eller kompetanseheving med tanke på klimavennlig areal- og transportplanlegging?**

Meland kommune har i lengre tid vore i dialog med Fylkesmannen i Hordaland, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og andre kommunar i Bergensregionen om desse problemstillingane, men me har ei stor utfordring når det gjeld erfaring og fagleg kompetanse på korleis ein lukkast med desse utfordringane. Me meiner dette planarbeidet vil ha stor overføringsverdi til likande problemstillingar i andre bynære vekstkommunar.

#### **Workshop**

Tiltaket skal bunna ut i ein workshop der arbeidet vert presentert. Invitasjon vil gå ut til deltakarane i Byregionprogrammet, til Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, planavdelingane i Meland og Lindås kommune, arbeidsgruppa i områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy og andre ein finn naturleg å ta med. Workshopen vil, forutan kunnskapsoverføring, vere fyrste trinn i ein realiseringsprosess av tiltak for å oppnå klimavenleg mobilitet i vekstaksen.

#### **Byregionprogrammet**

Meland kommune er, saman med vekstkommunane Lindås, Fjell og Os, ein del av det statlege Byregionprogrammet. "Robuste, bærekraftige sentre i felles bo og arbeidsregion" er tema for arbeidet, med spesielt fokus på næring, sykkel og bumiljø. Gjennom det interkommunale samarbeidet i Byregionprogrammet vil ny kunnskap knytast direkte opp til pågåande arbeid om å utvikla klimavenlege areal- og transportløysningar.

#### **Interkommunalt samarbeid**

I planarbeidet på Flatøy er planavdelingane i Meland og Lindås i tett dialog, og Lindås kommune har signalisert at dei er positive til vidare samarbeid for å finna fram til gode løysningar for klimavenleg transport på tvers av kommunegrensene. Dette spesielt viktig for utviklinga av regionsenteret Knarvik.

### **Hvordan er tiltaket politisk forankret?**

Tiltaket er forankra i føringar i kommuneplan 2015, i kommunen sin Klima- og energiplan 2010, i arbeidet med Byregionprogrammet, i Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy, i sentrumsplanane for Frekhaug 2014 og Knarvik 2015. Formannskapet er styringsgruppe og har slutta seg til søknaden

## Gjennomføring

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Oppstart oktober 2016, avslutta mai 2017

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

*Ikke utfylt*

## Annen finansiering

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Det er ikkje rammer innanfor Meland kommune sitt budsjett til full eigenfinansiering av denne typen tiltak

Har tiltaket mottatt annen statlig støtte? Nei

Har tiltaket søkt annen statlig støtte, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt annen statlig støtte, men ikke fått slik støtte? Nei

## Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Konsulentonorar klimavenleg mobilitet	600 000
Mobilitetsanalyse	200 000
Vurdering av eksisterande infrastruktur	50 000
Møter	30 000
Workshop, presentasjon av arbeidet	120 000
<b>Total sum</b>	<b>1 000 000</b>


## Finansiering


Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	1 000 000
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	350 000
- Egne midler	150 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

Workshop er ikkje avgjerande for å få gjennomført tiltaket, men kunnskapsoverføringa vil ikkje bli av same kvalitet om den vert tatt ut av prosjektet

## Vedlegg

 Gjennomføringsplan.xlsx (Gjennomføringsplan)

 Illustrasjonar til søknad.docx (Bilde)

### Merknad:

*Ingen merknad*

[sign] Alexander Helle for Meland kommune

---

Lvert 23.06.2016